



ÅLESUND KOMMUNE

Årsplan

Barnehageåret 2023-2024

Årøyhaugen barnehage



Open, engasjert og modig



Innhold

Føremålet med barnehagen sin årsplan	3
Barnehagen sitt samfunnsmandat	3
Organisering av dei kommunale barnehagane i Ålesund	4
Visjon.....	6
Barnehagen sitt innhald.....	9
Barnehagen sine satsingsområder.....	13
Livet og sånn	14
Miljøfyrtårn og berekraftig utvikling	14
.....	15
Barns medverknad	15
Barnehagemiljø.....	16
Samarbeid.....	17
Samarbeid mellom heimen og barnehagen.....	17
Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar	19
Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt	19
Overgongar i barnehagen	21
Overgangen mellom barnehage og skule	21
Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	22
Planlegging	22
Vurdering	23
Dokumentasjon.....	23
Arbeidsmåttane til barnehagen.....	25
Fagområda	25
Kjelder.....	30

Føremålet med barnehagen sin årsplan

**Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet
og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen
(Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37)**

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngeven i Barnehagelova og i Rammeplanen.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.



Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova og rammeplanen i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndighetene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

Barnehagen sitt samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.


Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter.

De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering

(Lov om barnehager, 2005, §1.Formål)

Organisering av dei kommunale barnehagane i Ålesund



Årøyhaugen barnehage



- Barnehagen vår

Årøyhaugen barnehage ligger på Sjøholt i Ålesund kommune. Med allsidig natur på alle kantar, utnytter vi både skog og fjøre på ukentlige turer med barna. Vi har nær tilknytning til Ørskog skule med tilgang til Ørskoghallen like ved. Biblioteket på Ørskog har vi også lett tilgang til og bruker dette så ofte vi har anledning.

Vi jobber bevisst ut fra rammeplanens fagområder og vil bruke den aktivt i vår hverdag gjennom hele barnehageåret.

- Barnehagen serverer frukost, lunsj og fruktmåltid
- Barnehagen har fokus på eit sunt og variert kosthald og serverer frukt og/eller grønnsaker til alle måltider.
- Barnehagen serverer også varm lunsj en dag i veka.

Dagsrytme

06.45	Barnehagen opnar
08.30-09.00	Frukost
09.00-11.00	Pedagogiske aktivitetar i gruppe inne og ute. Minst ein tur i veka.
11.00-11.30	Samling
11.30-12.00	Lunsj
12.00-14.00	Uteleik(sovetid for dei borna som treng det)
14.00-14.30	Fruktmåltid
14.30-16.45	Frileik i grupper ute og inne
16.45	Barnehagen stenger

Mål og grunngevingar for aktivitetane i dagsrytma står i grunddelen av Årsplanen.

For barna i Årøyhaugen barnehage er det viktig å ha faste rutinar, noko som gjev tryggleik. Eit fast dagsprogram medverkar og til auka sjølvstende og utvikling av tidsomgrep.

Vi har ein visuell dagsplan og eit årshjul på veggen. Kvardagsaktivitetane er viktige for å fremje danning og læring, og er den viktigaste læringsarenaen for barna. Gjennom leik, måltid, organiserte aktivitetar, turar, påkledning og samlingsstunder lærer dei mellom anna sosialt samspel, dei får trena grov- og finmotorikken og stimulert språkutviklinga.

I barnehageåret 2023/2024 er barnegruppene fordelt slik:

Svala: 12 barn i alderen 1-2 år

Måltrosten: 18 barn i alderen 4-5 år

Bokfinken: 16 barn i alderen 2-4 år

Både småbarns-og storbarnsgruppene har et tett samarbeid og barna fordeles i grupper på tvers av avdelingene både i leikegrupper og i temaarbeid gjennom barnehageåret.

Barnegruppene består av 9 barn pr. småbarnsgruppe og 18 barn pr. storbarnsgruppe.

I Årøyhaugen barnehage jobber det 7 fagarbeidere, 3 barnehagelærere og 3 pedagogiske ledere i tillegg til styrer.

Visjon

«Å skape ein kvardag prega av tryggleik og trivsel i eit stimulerande miljø for barn, foreldre og personale»

I Årøyhaugen barnehage jobber vi slik mot visjonen våre for barn, foreldre og tilsette:

- Barna skal oppleve positiv merksemd slik at dei byggjer opp eit positivt sjølvbilete hos seg sjølv.
- Dei tilsette har fokus på positiv åtferd i staden for negativ for å byggje opp barna sin sjølvtilitt.
- Visjonen vår peikar på at alle i barnehagen vår er unike, og vi jobbar for alle skal bli sett og høyrte i positiv forstand.
- Foreldra skal også ha sitt å seie i barnehagen vår, og dei skal møtast med respekt og verte lytta til.
- For personalet skal barnehagen vere ein trygg arbeidsplass der alle skal bli høyrte og møtt med respekt.
- Vi jobbar for at alle skal ha høve til å bruke evnene sine på ein positiv måte.

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra.

Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet



Verdiar

"Å skape ein kvardag prega av tryggleik og trivsel i eit stimulerande miljø for barn, foreldre og personale"

Vårt grunnsyn er basert på tanken om :

- At barn er kompetente og KAN dersom dei er trygge og vert anerkjent.
- At barnet si læring og dannelsingsprosess skjer i samspelet mellom barnet og dei vaksne i barnehagen.
- At barna sitt læringsresultat er større ved direkte erfaring, utforsking og undring.
- I vår barnehage har vi disse grunnpilarene:
 - Barn er opptekne av å lære og forstå.
 - Barnet kan, dersom det får støtte, tillit, tid og moglegheit til å lære.
 - Barna skal oppleve å bli sett, høyrte og erfare uavhengig av kjønn, etnisitet, utvikling, livssyn, språk og religion.
 - Barn må oppleve å bli sett og lytta til.
 - Kvart enkelt barn skal få høve til å ytre og undre seg og medverke til innhaldet i barnehagen.
 - Alle barn lærer ved å utforske saman med andre barn
 - Dei tilsette samarbeider, anerkjenner og respekterer likskapar/forskjellar og har fokus på at alle barn får hevde eigne meiningar på vegne av seg sjølv.
 - Barnet lærer best ved å få prøve og å gjere sjølv.
 - Dei tilsette har fokus på at alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet alltid skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn.
 - Dei tilsette jobbar for å skape eit barnehagemiljø som ber preg av tryggleik, tillit, anerkjening, engasjement, glede og humor som vi meiner er grunnleggjande for å gje barn trygge og gode lærings -og utviklingsmoglegheiter.
 - Vår veremåte som vaksne har stor betydning for kva barnehagemiljø vi klarar å skape.
- Ålesund Kommune har tre verdiar Open, Engasjert og Modig som skal vere grunnpilar for personalets haldningar og handlingar.
- Barnehagen sitt arbeid med verdiane til Ålesund kommune: Open-modig-engasjert



- Open:
 - Dei tilsette er samarbeidsvillig og tilpasningsdyktig
 - Dei tilsette har god kommunikasjon med barn, foreldre og medarbeidere
 - Kvar enkelt tilsett er forståelsefull, glad, positiv og blid
 - Alle tilsette tek imot innspel og er ærleg
 - Kvar enkelt tilsett er positiv innstilt og vise interesse

- Engasjert:
 - Alle tilsette får medverke og er motivert
 - Alle tilsette er aktive og viser innlevelse med barna
 - Alle tilsette er opptatt av barn og foreldres ve og vel
 - Kvar enkelt tilsett er lærevillig og fagleg oppdatert •
 - Alle tilsette jobbar for eit godt arbeidsmiljø – alle skal føle seg sett og høyrte.
 - Alle tilsette viser arbeidsglede og er pådrivarar
 - Dei tilsette er kreativ, løysningsorientert, positiv og lyttande.

- Modig:
 - Alle tilsette viser pågangsmot og våger å gå utanfor eige komfortsone
 - Alle tilsette stoler på seg sjølv og eigne beslutningar
 - Dei tilsette tør å seie ifrå og er «barnas advokat» og ha barns beste i fokus
 - Dei tilsette skal kunne «stå i motvind» og ta utfordringar på strak arm
 - Dei tilsette skal støtte kvarandre
 - Alle tilsette skal kunne takle å «miste» kontroll – at ting ikkje alltid går slik ein hadde tenkt.

Vi har fokus på:

- Godt samspel mellom barn og vaksne.
- Pedagogisk dokumentasjon.
- Prosjektarbeid som metode.

Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen kap 3)



• Omsorg

I Rammeplanen for barnehagen side 20 står det ei rekkje av oppgåver personalet skal jobbe med for å ivareta barn sitt behov for omsorg.

I Årøyhaugen barnehage har vi definert kva som er viktig for oss i arbeidet med dette.

Gode omsorgspersoner for oss er vaksne som:

- Er engasjert
- Er lydhøre overfor det einkilde barn, dets behov, innspill og uttrykk
- Er nær barnet/barna
- Set grenser på ein positiv måte
- Er gode rollemodellar
- Er audmjuk og kan be kvarandre om unnskyldning
- Gir positive tilbakemeldingar, oppmuntring og ros
- Viser glede og latter
- Er spontane og viser endringsvilje

• Dette inneber at vi vaksne skal:

- Handle ut frå barnets beste og ha fagleg grunngeving rundt dette
- Tilby barna eit fang, klapp på skuldra eller ein klem når det er behov for det
- Utøve like grenser og jobbe mot same mål
- Sjå huset og alle barna i Årøyhaugen barnehage under eit
- Helse på og hjelpe foreldre, barn og kollegaer uansett avdeling
- Sjå barneperspektivet
- Vere på «golvnivå» med barna
- Delta og rettleie i leik og kvardagssituasjonar
- Justere/endre dagsrytme ut frå den enkelte gruppe/enkelte barns behov

For å sikre kvaliteten i dei daglege rutinesituasjonane tek vi kvart år ei evaluering på kva vi vil legge vekt på.

Vi brukar planleggingsdag i slutten av kvart barnehageår til å evaluere oss sjølve og sette nye progresjonsmål for neste barnehageår.

• Leik, vennskap og fellesskap

I rammeplanen for barnehagen side 22 står det ei rekkje av oppgåver personalet skal jobbe med for fremje vennskap og fellesskap. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik - åleine og ilag med andre.



For å ivareta og utvikle vennskap/fellesskap hos oss, gjer vi det slik i vår barnehage:

- Vi jobbar kontinuerleg med temaet gjennom året, men kvar haust har den einskilde gruppe eit spesielt fokus på tema vennskap
- Vi har ulike pedagogisk materiell tilgjengeleg ein kan bruke knytt opp til tema. Til dømes «Livet og Sånn» og bøker om vennskap
- Tar i bruk Plan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø jevnleg på møte gjennom året.
- Tek i bruk «mal for undring» og »mal frå undring til tiltak» i situasjonar der ein er usikker om barn har det trygt og godt i barnehagen
- Fylgjer sjekkliste for å ivareta nulltoleranse og aktivitetsplikt ved forpliktande tiltaksplan om ein mistenke at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen.
- Vi vil prioritere å gje barna tid og rom til å kunne fordjupe seg i leiken, gi dei god leikekompetanse.
- Det fysiske miljøet i barnehagen skal inspirere til fantasi, skaparglede og livsutfalding.
- Personalet skal ha kunnskap om leik, og dei skal kunne delta og vere nære i leiken
- Dei skal òg gje barna støtte til leik, samt kunne inspirere og oppmuntre barna i leiken deira.
- Barn som ikkje kjem inn i leiken skal følgjast opp og hjelpast til å kunne delta av vaksne som tek ansvar.
- Vaksne som bruker språket i leik og setter ord på det vi gjer.
- Dele barnegruppa inn i mindre grupper .
- Vaksne som organiserer dagen slik at det er rom for både planlagde og spontane aktivitetar og leik.

- Vaksne som gir barna varierte opplevingar/erfaringar gjennom året som kan tilføre ny leikeinspirasjon.
 - Gjennomføre aktivitetar for ulike alderstrinn.
 - Rettleie barna om leiken medfører uheldige samspelsmønste
- Leik kan medføre konflikter, og vi har gode strategiar på korleis ein løyser dette:
 - Vi skal lære barnet å sette grenser for seg sjølv ved å seie «STOPP! Dette vil eg ikkje at du skal gjere.» Samstundes må barnet lære å respektere at når nokon seier «STOPP!» så skal dei stoppe opp og lytte til kva dei har å seie
 - Vi skal hjelpe barna med gode verkty for å løyse opp i ueinigheiter for der er alltid 2 sider i konflikta.
 - Vi spør barnet:
 - Kva skjedde?
 - Kva gjorde du?
 - Korleis kan vi gjere dette annleis?
 - Korleis kan vi gjere dette godt igjen for den som vart lei seg?

Alle barn skal ha gode leikeopplevingar og eigenverdien til leiken skal anerkjennast!

- **Danning**

I rammeplanen for barnehagen side 21 står det ei rekkje av oppgåver personalet skal jobbe med for fremje danning.

For oss i Årøyhaugen barnehage betyr danning:

- At barnehagen skal arbeide på ein slik måte at barna får tenkje sjølv, søkje kunnskap, reflektere over og vurdere vedtekne sanningar, stille spørsmål og yte motstand på eigen og andre sin vegne.
- At barna skal ikkje manipulerast til å gjere og tenkje som den som oppdreg. Dannelsingsprosessen er noko som utviklar seg heile livet og ikkje noko vi kan måle og sjå resultat av i barnehagealder.

For å gi barna eit best mogleg utgangspunkt er det viktig for oss at vi:

- Opparbeida og varetek ein god relasjon til det einskilde barn.
- Jobbar for at alle barna skal føle seg trygg og trives i barnehagen.
- Er fysisk nær og viser engasjement.
- Rettleier, støttar og hjelp barn i konfliktsituasjonar.
- Gir emosjonell støtte gjennom handlingar som: blikkontakt, smil og humor
- Bruke namn på barn og vaksne i positive samanhengar og oppmuntring.
- Vere gode rollemodellar gjennom eigen veremåte i møte med barn, foreldre og kollegar, der samsvar mellom ord og handling er viktig.

- Vere framoverretta og i stadig utvikling innanfor IKT og teknologi



• Læring

I rammeplanen for barnehagen side 22 står det ei rekkje av oppgåver personalet skal jobbe for å fremje læring. Barns læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært saman med leik, omsorg og danning. Barna kan lære gjennom alt dei opplever og erfarer på alle område. Læring skjer både i formelle og uformelle situasjonar og begge er like viktige.

For å gi gode rammer for læring er det viktig at vi i Årøyhaugen barnehage jobber for å:

- Opparbeide og ha god kontakt med barn og foreldre
- Brukar tid på å gjere oss godt kjent med det enkelte barn
- Har stabilitet og kontinuitet i personalgruppa
- Oppmuntrar barn til å hjelpe kvarandre.
- Jobbar med enkeltbarn i smågrupper, så langt det er råd og hensiktsmessig for barnet
- Bruker same planlegging/evalueringsverktøy på huset, noko som vil vere samlande for personalet
- Kontinuerleg vurdering som grunnlag for ny planlegging gjennom heile året
- Lar barn få medverke i eigen kvardag etter alder og modning
- Lar barna få oppleve gradvis og alderstilpassa progresjon gjennom innhald, erfaring og opplevingar, frå barnehagestart til skulestart
- Gir god tilgang til ulike pedagogiske materiell

Livet og sånn

Livet&Sånn er eit gratis opplæringsmaterieil for folkehelse og livsmeistring, utarbeida av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Gjennom hele barnehageåret 2023/2024 vil dette være eit gjennomgående tema på Bokfinken og Måltrosten og vil vises igjen både i månedsplaner og månedsbrev ut til foreldrene.

Babblarna

Babblarna-konseptet er utviklet etter Karlstadmodellen og hjelper barna med de første grunnleggende lydene.

Gjennom hele barnehageåret 2023/2024 vil dette være eit gjennomgående tema på Svala og vil vises igjen både i månedsplaner og månedsbrev ut til foreldrene.

Miljøfyrtårn og berekraftig utvikling

FNs bærekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringene innen 2030. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine mogelegheiter til å få dekt sine.

Miljøfyrtårn er et sertifikat for miljøledelse som gir mulighet for å jobbe konkret med bærekraft innen områder som arbeidsmiljø, avfallshåndtering, energibruk, innkjøp og transport.

Sertifikatet skal sikre at vi jobber helhetlig, systematisk og langsiktig med tiltak som vil forbedre kommunens miljøprestasjoner, redusere klimagassutslippene og bidra til en grønn fremtid.

Det gir gode forutsetninger for å bidra til å oppnå flere av FNs bærekraftsmål.

I barnehageåret 2023/ 2024 har vi ekstra fokus på bærekraftsmål nr. 3: GOD HELSE OG LIVSKVALITET

I Årøyhaugen barnehage jobber vi for å nå bærekraftsmålet ved å:

- Tilby et godt og variert mat-tilbod
- Vi legg vekt på at barna skal vere i fysisk aktivitet gjennom dagen.

- Vi går mykje på tur og bruker gymsalen på Skarbø skole og Ørskoghallen på Sjøholt til hallaktivitetar og fotballbana til tilrettelagde aktivitetar ute.
- Vi har et mål om å bli sertifisert som miljøfyrtårn i Årøyhaugen barnehage og dei tilsette legg mykje vekt på det miljøpedagogiske arbeidet og å setje barna i sentrum for miljøarbeidet i barnehagen. Vi har blant anna fokus på å øve med barna på å ta miljøbevisste val slik som å slukke lys når vi går ut av eit rom og å kaste så lite mat som mogleg ved å forsyne oss med litt mat av gongen. Vi har gode avfallssorteringar og har aktivitetar der barna får lære om avfallssortering. Vi samlar gjenbruksmateriale eller materiale frå naturen gjøna heile året som vi kan bruke til formingsaktivitetar slik som konglar, kvistar, stein, glas, sand, korkar frå mjølkekartong, leverpostei boksar m.m. Som eit ledd i dette har vi valt oss to miljøvernveke i barnehageåret. Ei veke på hausen i veke..... og ei uke på våren i veke.....



Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehager kap II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

Rammeplan for barnehagen seier at barna har rett til å uttrykkje seg og få innverknad på alle sider av livet sitt i barnehagen. Kor omfattande og korleis dette vert praktisert, vil vere avhengig av barna sin alder og funksjonsnivå.

Barna gjer uttrykk for korleis dei har det både kroppsleg og språkleg. Barna sine kjenslemessige uttrykk skal bli tatt på alvor og vektleggjast, og dei vaksne skal oppmuntre dei til aktivt å gje uttrykk for tankar og meiningar. Dei skal møte anerkjenning for uttrykka sine.

I Årøyhaugen barnehage jobbar vi med barns medverknad med å være bevisste på korleis tilsette tenkjer og ser på barn. Å ha fokus på korleis

Barnehagemiljø

Barnehagen skal sørge for at barna har det trygt og godt.

Ålesund kommune har utarbeidd utarbeida plan for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø som setjar fokus på førebyggjande arbeid i barnehagen, og gje barnehagetilsette eit verktøy til støtte i arbeid om nulltoleranse mot mobbing og krenkingar i barnehagen.

Årøyhaugen barnehage har gode rutiner for å følge med og alle som jobber i barnehagen skal følge med på at barna har det bra. Hvis en voksen vet om, eller tror at et barn blir mobbet, plaget, eller på andre måter ikke har det bra, skal hun eller han alltid:

- Gripe inn og stoppe krenkelsen med en gang.
- Si ifra til styrer i barnehagen.
- Undersøke hva som har skjedd.
- Sette inn tiltak, og lage en plan for å sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø.
- Hvis et barn eller foreldrene til barnet, sier at barnet ikke har det bra, må barnehagen alltid undersøke hva som har skjedd.



Samarbeid

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg (Rammeplanen kap 5)

I Årøyhaugen barnehage har vi fokus på å skape en positiv dagleg kontakt mellom heim og barnehage. Vi jobber for å ha ein god og open dialog når foreldre leverer og henta barna sine. Det er derfor viktig at foreldre gir barnehagen informasjon om barnet t.d. har sove dårleg, ete lite, eller andre ting som skjer i heimen, slik at vi kan møte barnet på best mogleg måte. Foreldre skal og få dagleg muntlig informasjon frå barnehagen om sitt barn.

For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

FAU i Årøyhaugen barnehage 2023/2024

Årøyhaugen Barnehage	Medlemmar	Verv	Mailadresse	Telefon
	Annika Sjøholt	Leder FAU og SU representant	Annika_955@hotmail.com	90046839
	Renate Solheim	Nestleder FAU og SU representant	renateos88@hotmail.com	99503946
	Regine Amdam Haddal	Medlem	amdamregine@gmail.com	99270670
	Helene Lundgård Nordal	Medlem	Helene_ml88@hotmail.com	91692449



I Årøyhaugen barnehage gjer vi det slik:

FORELDRESAMTALER

- Det tilbys 2 foreldresamtaler pr. barnehageår og 1 foreldremøte. FAU/SU arrangerer sommerfest i mai/juni hvert år, og så arrangerer barnehagen Luciafrokost, kunstutstillinger, påskefrokost o.l. Dette vil variere fra barnegruppe til barnegruppe, og informasjon vil komme fra hver enkelt pedagogiske leder.

FORELDREMØTE

- Foreldremøte har vi i utgangspunktet ein gong om året – i september/oktober, etter noko tilvenning. Vi gjennomfører i tillegg foreldremøte ved behov for eller ønske om det frå foreldreråde

IST HOME

- I Årøyhaugen barnehage bruker vi IST Home. Appen der du som føresett kommuniserer med barnehagen:
 - Du kan m.a. melde fråver ved sjukdom, gjere avtaler om henting etc, gi beskjedar, registrere ditt barn si opphaldstid , og registrere planlagt fri/ferie direkte i appen.
 - Tilsette i barnehagen godkjenner eller gir tilbakemelding på henvendingane dine.
 - Månadsplanar, månadsbrev og anna informasjon frå barnehagen vil de også finne i appen.
 - Du ser alle dine barn som går i barnehage eller SFO i same innlogging.
 - På denne måten får de som føresette betre kontroll og oversikt.

Samarbeid mellom barnehagen og andre aktørar

Regjeringen forventer – at kommuner og fylkeskommuner arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et helskapeleg tilbud. Godt tverrfaglig samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng
(Meld.St. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeidar barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, Barneverntenesta, Helsestasjonar, Pedagogisk fagsenter, skular m.m.

Samarbeidsaktørar særskilt for Årøyhaugen barnehage :Helsestasjonen, PPT, Pedagogisk fagsenter, Barnevern, Ørskog skole, Ørskog bibliotek og Ørskog kyrkje.

Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt

Barnehagelova § 44 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 46 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at det fins mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalt meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverge, §196, er einkvar forplikta til å søke å avverge ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det fremdeles er mogleg, og det framstår som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen.

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.



Overgangar

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og godt start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn (Rammeplanen kap 6)

I Årøyhaugen barnehage gjer vi det slik:

Vi ønskjer at møtet med gruppa skal bli best mogleg for barnet, og at vi skal bli godt kjende med kvarandre. For å få til dette, er det nødvendig med nokre "mjuke" dagar i starten. Dette avtaler vi med mor eller far når de kjem i barnehagen.

Tilvenning. Når barn og foreldre kjem til barnehagen vil de bli møtt av ein vaksen på avdelinga som vil vise rundt og hjelpe barnet til rette på avdelinga. Vi legg stor vekt på å knyte nære band mellom barnet og dei vaksne slik at barnet skal kjenne seg trygt i barnehagen. Enkelte dagar er det kanskje ikkje så lett å gå frå barnet, men då må foreldra gjerne ringe for å høyre korleis det går.

Dei første dagane er det viktig at mor eller far er med i barnehagen. Første dagen kan de komme og vere saman med oss eit par timar og neste dag er mor eller far saman med barnet ei stund først, så kan barnet få prøve å vere her ei kort stund aleine (maks ein halvtime). Mor eller far må vere i nærleiken. Når barnet er klar for det kan det komme når det vanlegvis vil bli levert om morgonen. Mor/far kan forlate barnehagen ei kort stund. Vidare tilvenning avtalar vi med kvar enkelt. Vi gjer foreldra merksam på at det kan ta lang tid før barna blir vant til at foreldra skal gå. Dei første vekene bør barna ha så kort dag i barnehagen som mogleg. Det er mange inntrykk og det er uvant for dei små å vere lenge borte frå mor og far.

Overgongar i barnehagen

Personalet skal sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter gruppe (Rammeplanen kap 6)

I Årøyhaugen barnehage har vi utarbeida en plan for korleis vi skal jobbe best mogleg for å sikre ei trygg tilknytning for alle barn i barnehagen vår.

Når hovedopptak av nye barn er over 1 mars kvart år, så fordeler vi barna som skal flyttes frå småbarnsgruppe og over til storbarnsgruppe og starter opp med en gradvis innkjøring med jevnlig besøksdager på de nye avdelingene sammen med voksne fra småbarnsavdelingen.

Ein fast vaksen fra småbarn flytter over til stor avdeling kvar høst sammen med barna som skal begynne på storbarnsavdelingene.

Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga (Rammeplanen kap 6)

I Ålesund kommune er det utarbeida ein plan for overgang frå barnehage til skule som alle dei kommunale barnehagane følg.

Barn og føresette i Årøyhaugen barnehage skal føle seg trygge på at både barnehage og skule gjer sitt beste for å **skape kontinuitet og samanheng i opplæringsløpet**, og at kvart enkelt barn vert sikra ein god overgang frå barnehage til skule.

Dette krev tett samarbeid med barna og dei føresette, og mellom tilsette i barnehagen, skulen og SFO.

Føresette har ei avgjerande viktig rolle i overgangen i forhold til å vere ein støttespelar for barnet og samarbeide tett med dei tilsette i barnehage, skule og SFO.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.
Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. (Rammeplan kap 7)

Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe (Rammeplan kap 7)



I Årøyhaugen barnehage gjer vi det slik:

Vi bygger vår langsiktige og systematiske planlegging av barnehagens pedagogiske innhold gjennom avdelingsmøter, pedagogmøter, personalmøter og planleggingsdager.

I alle disse møteneplattformene i Årøyhaugen barnehage skal planlegginga vere basert på kunnskap om trivselen til barna og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe.



Vurdering

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift (Rammeplan kap 7)

Det pedagogiske arbeidet i barnehagen skal vurderast ut i frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Heilskapleg systematisk vurdering legg grunnlaget for barnehagen som en lærande organisasjon. For å vidareutvikle det pedagogiske arbeidet i barnehagen er vurdering et viktig verksøy og skal vere til hjelp for personalet i vidare planlegging.

Vi har ulike møtefora både ukentlig, månedlig og halvårlig til å jobbe med evaluering av det pedagogiske arbeidet i barnehagen og hvert enkelt barn sin progresjon.



Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlige integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om egne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande. (Rammeplan kap 7)

Det pedagogiske arbeidet med hvert enkelt barn dokumenters gjennom bilder, månedsplan og månedsbrev. Dokumentasjonen skal gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemynde informasjon om kva barn opplever, erfarer, lærer og gjer i Årøyhaugen barnehage. Årsplanen vår skal også vise korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Det tilbys 2 foreldresamtaler i året i tillegg til tett samarbeid mellom hjem og barnehage ved behov.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barna sine behov og føresetnadar, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap. Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottok spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbudet. (Rammeplan kap 7)

PROSJEKT «TIDLEG INNSATS OG SPESIALPEDAGOGISK HJELP»



Ålesund kommune ynskje å gi alle barn eit likeverdig tilbod med høg kvalitet og god praksis. Eit likeverdig tilbod vil krevje både tilretteleggingar og lokale tilpassingar av innhald. Tidleg innsats handlar om eit godt pedagogisk tilbod og tilpassa omsorg til alle barn. Kvaliteten handlar om dei opplevingar og erfaringar både barn, foreldre og tilsette har av tilbodet som vert gitt, og blir skapt gjennom samhandling.

Formålet med prosjektet er å:

- styrke det allmennpedagogiske arbeidet.
- å auke bruk av ressursar på førebyggjande arbeid og kunne møte behov til fleire av barna innanfor det ordinære barnehagetilbudet.
- etablere nytt felles system for organisering og oppfølging av individuelle vedtak for spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne.

Vi ynskje ei heilskapleg tilnærming til arbeidet. For oss handlar heilskapleg tilnærming om at barn sine uttrykk forståast i lys av både individuelle føresetnadar og omgjevnadane og miljøet barnet er ein del av. Dette gjer at vi viser interesse for alle element som kan påverke barnet si trivsel utvikling og læring.

For barnehageåret 23/24 har prosjektet fokus på etablering av felles system for oppfølging av individuelle vedtak.

I Årøyhaugen barnehage samarbeidar vi tett med spesialpedagog i Ålesund kommune og logoped. Vi jobbar også tett gjennom heile barnehageåret med prosjekt Opp og Fram som er en felles satsing for alle barnehagane i Ålesund på utvikling, endring, kvalitet og kompetanseheving.

Arbeidsmåtene til barnehagen



Fagområda

Årøyhaugen sitt arbeid med dei sju fagområda.

Kvart område dekkjer eit breitt læringsfelt og opptretr sjeldan åleine. Vi arbeider med alle fagområda gjennom kvardagsaktivitetane og gjennom temaarbeid.


Kommunikasjon, språk og tekst

Vi vil arbeide i retning av måla ved å fokusere på:



- Rikeleg rom for utfolding gjennom grove rørslar.
- At barna skal få uttrykkje seg gjennom heile kroppen.
- At barna får oppleve positive relasjonar gjennom leik.
- At dei møter gode vaksne språkmodellar.
- At dei møter det skrivne ord gjennom høgtlesing og forteljning, rim, regler og song.
- Å lytte og gi positiv respons i alle rutinesituasjonane gjennom dagen.
- At barna blir kjent med eigen forbokstav.
- Å fremme tillit mellom barn og vaksne.
- Å skape eit trygt, språkstimulerande miljø gjennom å lytte, samtale og leike med lyd.
- Høgtlesing av bøker både i små og store grupper.
- At barna skal utvikle eit positivt forhold til tekst og bilete.
- At barna skal bli kjent med namnet sitt som ordbilete.
- At barna skal bli merksame på at ein ting kan symbolisere noko anna, mellom anna trafikkskilt, reklameskilt og lignende.
- At det skal nyttast eit positivt språk, positiv kommunikasjon til løysing av konflikhtar.
- At barna skal møte eit rikt utval av rim og regler som dei etterkvart kan prøve å lære.
- Å oppmuntre barna til å vere språkleg aktive i store og små grupper.
- At barna får møte bokstavar i naturlege samanhengar og å støtte barna sine initiativ til å skrive og telle.
- På oppmuntre til å prøve å skrive namnet sitt.
- Å fremje forteljargleda og la barna få ta del i tekstsaking.
- Å ha jevnlege sangstunder og lesestunder i gruppe.

- Kropp, rørsle, mat og helse.



Vi skal arbeide i retning av måla ved å fokusere på:

- Å fremje ein kvardag der det er god veksling mellom aktivitet og ro, inneleik og uteleik.
- Øve inn gode rutinar for hygiene.
- At barnehagen skal utvikle og leggje til rette for trygg fysisk leik.
- Å gje utfordringar som stimulerer både fin og grovmotorikk.
- Å utøve fysisk aktivitet i naturen rundt barnehagen.
- Å oppleve glede ved å vere ute og bruke kroppen.
- Å utvikle fellesskap i leiken ved hjelp av god meistring av kroppen.
- Å leggje til rette for leik der både gutar og jenter kan delta på lik linje.
- Sansemotorisk trening.
- Å lage eit miljø der alle kan vere fysisk aktivitet.
- Å utvikle forståing for at alle, trass ulikskap, er like mykje verd.
- Kvifor det er viktig med hygiene.
- Viktigheita av sunt kosthald.
- Kvifor det er viktig med fysisk aktivitet.
- Å være ute på lekeområdet og være ute på tur.
- At vi skal tilby forskjellige matvarer som varierer i konsistens, farge og smak.



- Kunst, kultur, og kreativitet

Vi skal arbeide i retning av måla ved å fokusere på:


- Å gi rom for både vaksenstyrte og barnestyrt aktivitetar.
- Å vere vaksne som lyttar og er merksame i forhold til barna sine kulturelle uttrykk.
- Å ha eit medvite forhold til barna sin leik, kunst og kultur.
- At barna skal ha tilgang til bøker, bilete, instrument, utkleddingsutstyr og anna variert materiale.
- At vi skal ha jevnlege sangstunder og formingsaktiviteter

- Natur, miljø og teknologi.

Vi skal arbeide i retning av måla ved å fokusere på:

- Å undre oss saman med barna over mangfaldet i naturen.
- Å oppmuntre til å bruke sansane ute i all slags ver
- Å nytte nærmiljøet for å sjå – for eksempel lære om nokre av dei mest kjende dyra, fiskane, fuglane, insekta og plantene.

- Å la barna få innsikt i produksjon av matvarer
- Å fremje forståing for ei berekraftig utvikling gjennom bøker og gjennom handling i kvardagen.
- Å vidareutvikle barna sine erfaringar med tekniske leiker og teknikk i kvardagen (til dømes kjøkkenutstyr og verkty)
- Å gje høve til å nytte digitale verkty som kjelde til leik, kommunikasjon og for å innhente kunnskap
- Å gå mye på tur
- På Miljøfyrtårn/kildesortering.



- Mengde, rom og form

Vi skal arbeide i retning av måla ved å fokusere på:

- Å leggje til rette for eksperimentering gjennom å ha materiell/ leiker tilgjengeleg
- Å vere lyttande og oppmerksam på den matematikken barna nyttar i leik og daglegliv.
- Å bruke matematiske omgrep bevisst
- Å vere gode modellar, ha utstyr og materiell framme
- Å resonnerer og undre seg saman med barna
- Å sørgje for tilgang til ulike spel, klossar og leiker slik at barna kan klassifisere, ordne, sortere og samanlikne
- Å stimulere barna til å tenkje og resonnerer kring omgrep som avstand, vekt, volum og tid
- Å ha Duplo tilgjengeleg på avdelingen



- Etikk, religion og filosofi

Vi skal arbeide i retning av måla ved å fokusere på:

- Arbeide i retning av målet ved å hjelpe barna i konfliktsituasjonar.
- Skape rom for gode sosiale opplevingar.
- Utvikling av sosial kompetanse.


- Personalet skal vere gode rollemodellar.
- Møte barna si tru, spørsmål og undring med respekt.
- Markerer dei kristne høgtidene og elles religiøse høgtider som er representert i barnegruppa.
- Skape interesse for og bidra til forståing og toleranse for ulike kulturar.
- Respektere at det er ulike måtar å leve på.
- Gje tid og rom for undring og refleksjon over grunnleggjande spørsmål.
- Markere jul, 17. mai, påske, id, samefolkets dag osv.
 - Nærmiljø og samfunn



Vi skal arbeide i retning av måla ved å fokusere på:

- At alle barna får erfare at dei er viktige for fellesskapet
- At begge kjønn skal få varierte utfordringar
- Å få erfaring og kontakt med ulike instansar i nærmiljøet, bli kjent med korleis -og kvar barna bur
- Å nytte demokratisk prinsipp i det daglege arbeidet
- Å snakke om mobbing og korleis ein skal vere mot kvarandre
- Å vere medvitne om kva barna møter i mediebialetet, hjelpe dei å reflektere over – og vere kritiske til det dei møter i media.
- Å ta for oss enkelte historiske hendingar i lokalhistoria, samt i storsamfunnet.
- Å nytte nærmiljøet som ein positiv ressurs for gode opplevingar.
- Bli kjent med trafikkbialetet der vi går på tur, og kva reglar som gjeld i trafikken
- Få erfaring med ulike arbeidsplassar og institusjonar.
- Å gje noko kunnskap om menneskerettar, særleg barnekonvensjonen.
- Å gje noko innsikt i samisk liv, markere samefolket sin dag og studere flagget
- Turer i nærmiljøet
- Samlinger med samtaler om heim og familie.

Årshjul 2023/2024



Det tilbys 2 foreldresamtaler pr. år, en på høsten og en på våren. Lister henges opp i garderobene.

Kjelder

Rammeplan for barnehagen: <https://bit.ly/2RloJJp>

Barnehagelova: <https://bit.ly/2yd6svp>

Stortingsmelding nr 6: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

FN`s berekraftsmål: <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

Barnekonvensjonen: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>